



Naturvernforbundet i Flora



Sogn og Fjordane Turlag



Pressemelding:

Vern om Flora sin natur og drikkevasskjelder!

Zephyr AS har kome med nye utbyggingsplanar for Guleslettene vindindustri. Her er ikkje Florø si hovuddrikkevasskjelde godt nok sikra, og Storelva- og Terdalsvassdraget vert ureina. Det tradisjonelle friluftslivet vert øydelagt, og ei rekke vindturbinar er plassert midt i eit dokumentert fugletrekk. Attraktiviteten til Florø som turistdestinasjon vert svekka. – «Vi er sterkt uroa over dei nye planane. No må kommunen ta til motmæle», seier Jon Anders Stavang, leiar i Naturvernforbundet i Flora.

Drikkevasskjelder er truga

Konsesjonssøknaden til Zephyr AS om å få bygge vindindustri på Guleslettene framstår i dag som ein fiktiv reklameplakat samanlikna med den reelle utbyggingsplanen som no er lagt fram for Flora kommune. I den nye utbyggingsplanen (kalla MTA) presenterer Zephyr turbinplasseringar som ikkje sikrar drikkevassnet til Florø, Sagavatnet, tilstrekkeleg, og som vil ureine Terdals- og Storelvasvassdraget. Storelva er det einaste reelle alternativet for Florø som reservedrikkevasskjelde, og Terdalsvassdraget er drikkevasskjelde for folk og dyr på gardane i Terdalen. Det er Mattilsynet som har forvaltningsansvar for sikring av drikkevass, og Naturvernforbundet set no sin lit til at Mattilsynet støttar kommunen og kjem med endringskrav til MTA slik at drikkevasskjeldene i Flora vert varig sikra.

Friluftsliv og naturmangfald vil lide

Med heilt nye turbinplasseringar kjem Zephyr til å øydelegge den sørlege delen av Guleslettene som tradisjonelt friluftslivsområde. I den opphavlege konsesjonssøknaden var det lagt opp til ei turbinplassering som ville spart desse viktige areala for nedbygging, men det har dei no gått vekk ifrå. Vert MTA-en gjeldande vil dette føre til at heile Gulesletteneområdet vert utilgjengeleg meir enn halve året på grunn av fare for iskast. Stilla på fjellet ver erstatta med ein intens dur og over grenseverdiane. Turbinane kjem i direkte konflikt med dokumenterte fugletrekk, og den lokale bestanden av fjellrype kan verte utrydda. Verdien av hjortejakt til utleige vert også redusert på grunn av støy i jaktområda. Turbinane er blitt så høge at det er sett krav til høgintensitetslys på dei. Lyset skal blenke i takt, døgnet rundt, og er så sterkt at det vil lyse opp fjella. Guleslettene vil verte forvandla til eit støyande, industrielt landemerke, natt som dag.

Siste sjanse

Naturvernforbundet i Flora og våre samarbeidspartar har gått igjennom den nye utbyggingsplanen og vurdert konsekvensane for Flora. Desse har vi skrive ned i ein rapport som vi har delt med kommunen. Bystyret har ein siste sjanse til å påverke utbygginga og ta til motmæle ovanfor Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), som har siste ord i utbyggingsplanen. Dei som stemde ja til å industrialisere Floranaturen har eit særskilt ansvar for å sette seg inn i saka, og vi forventar at eit samla bystyre tek eit kraftig oppgjær med Zephyr sine endra utbyggingsplanar.




Naturvernforbundet i Flora



Sogn og Fjordane Turlag



Andre sammenligninger...



Dimensjonane til vindturbinane som skal monterast på industriområdet på Guleslettene er enorme. Her er dei illustrert ved sidan av nokre kjende bygg. Dei nye vindturbinane skal utstyrast med blenkande høgintensitetslys. Støyen ved kvar turbin er 105 decibel. Vingetuppene roterer med ein fart på 91 meter pr sekund, dvs 328 km/t (Illustrasjon av Per Bloch Helmers).

Konsekvensanalysen av Zephyr sin MTA for Guleslettene kan de få ved å kontakte:

flora@naturvernforbundet.no

Kontaktperson:

Naturvernforbundet i Flora: Jon Anders Stavang, tlf 41 40 32 81



Naturvernforbundet i Flora



Sogn og Fjordane Turlag



Deretter setter vi på selve turbinen som har en diameter på 136 meter.

